



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 13.06.2023

Vår ref: 23/01586-2

Dykkar ref:

Høyrings svar om liturgisk ordning for oskeonsdag frå Bjørgvin biskop og bispedømmeråd

Bjørgvin biskop og bispedømmeråd takkar for høve til å gje høyring på framlegget til liturgi for oskeonsdag.

Høyrings spørsmål 1. Den liturgiske ordningen for Askeonsdag har mange valgfrie ledd. Er ordningen, slik den nå foreligger, tilstrekkelig fleksibel for å ivareta de lokale tradisjoner høyringsinstansen kjenner til?

Nei. Vår hovudinnvending mot denne gudstenesta er at den er for lik ei høgmesse med Kyrie og tre skriftlesingar og likevel bryt den med ordo med ei litt umotivert skriftlesing i starten i staden for samlingsbøn slik at ein får eit skriftlesing i samlingsdelen før orddelen. Til saman er det foreslått fem skriftlesingsdelar, det er for mange, så det er bra at det står at pkt 8-10 er kan-ledd. Når liturgien etter preika eser ut må ein samstundes redusera det som kjem før preika.

I framlegget bør Kyrie vera eit kan-ledd slik at ein etter ei innleiing ved liturgen i punkt 3 Hilsen kan gå rett på punkt 7 Dagens bøn og bruka den på samlingsbønsplass. Denne fungerer som samlingsbøn i ei fastegudsteneste.

Sidan oskeonsdagsgudstenesta så og seia alltid er ei kveldsgudsteneste bør ein heller ta utgangspunkt i liturgiane Aftansong eller Kveldsbøn eller forenkla gudsteneste.

Når det vert vist til at denne kan feirast som kveldsgudsteneste, så finst det inga godkjent kveldsgudsteneste som er tilgjengeleg på ressursbanken. Det er så lenge sidan at den førre alterboka med sitt rike utval av gode liturgiar var i bruk at me opplever at nye prestar ikkje kjenner til denne og ikkje har tilgang til den. Det er også eit argument for å bygga denne gudstenesta på ein kveldsgudstenestemal og ikkje på ein høgmessemal.

Difor vil vi be om at liturgiane i gudstenesteboka frå 1992 vert gjort tilgjengeleg i ressursbanken. Der er finst det eit rikt liturgisk material frå vår tradisjon som kan brukast til andre gudstenester enn hovudgudsteneste: skriftemålgudsteneste, forbønsgudsteneste, morgonsong, aftansong,

kveldsbøn, skulegudsteneste, vandregudsteneste, temagudsteneste, musikk gudsteneste og preikegudsteneste.

Høyrings spørsmål 2. Ut over del II Ordet, er det på to steder i ordningen foreslått skriftlesninger. Dette gjelder punkt 4 Skriftlesning og punkt 15 Tekstlesning og stillhet. Begge steder er det mulig å velge andre tekster. Når ordningen er vedtatt av Kirkemøtet, vil det foreligge en veiledning med forslag til alternative bibeltekster. Slik ordningen nå foreligger er følgende tekster foreslått som mulige alternativer på de to punktene:

- a. Punkt 4: Skriftlesning
 - Forkynneren 3,1-2; 4; 6-7; 11; 14a
 - Jesaja 40,6-7
 - Jesaja 58,5-7a
- b. Punkt 15: Tekstlesning og stillhet
 - Salme 139,11-18; 23
 - Jesaja 60,1-2; 5a
 - Salme 40,7
 - Esekiel 37,1-6

Har høringsinstansen forslag til alternative tekster til disse to punktene i ordningen?

Til pkt 4. Dersom det skal vera eit alternativ med ein innleiande kan-ledd med skriftlesing bør det vera ein tekst med fastetema, som t.d. Jesaja 58,5-7a. som er teksten som står i liturgien og ikkje teksten frå forkynnaren.

Til pkt 15. teksten frå Salme 139, fungerer ikkje godt som refleksjon/sjølvransaking før syndsvedkjenninga. Her vil vi foreslå to alternativ:

1. Når dei to fyrste tekstlesingane er kan-ledd, og ein må rekna med at dei fleste vil kutta dei ut i ei kveldsgudsteneste, bør ein her ta inn GT-teksten frå den offisielle tekstrekka for oskeonsdag. Det er alle tekstar som handlar om faste som botshandling og den rette faste.:
Rekke 1: Joel 2,12-13, Rekke 2: Jona 3,3-10, Rekke 3: Jes 58,4-10
2. Ein bør ha som eit alternativ den innleiinga til syndsvedkjenninga som var inne i 2011-liturgien der ein bruka Matt 22, 37-39 som utgangspunkt for ransaking. Det er meir sentralt tekst i vår kristne tradisjon og fungerer betre som utgangspunkt for sjølvransaking:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv.

Matt 22,37–39

L | Lat oss vera stille og reflektera over vårt liv.

Høyrings spørsmål 3. Det mest særegne i ordningen for Askeonsdag er å finne i del III Bønn og asketegning.

Har høringsinstansen kommentarer til innholdet i ordningens del III?

Til pkt 15. Sjå ovanfor

Til pkt 16: Det er foreslått i liturgien å bruka vers frå Salme 51 som syndsvedkjenning. Det er i utgangspunktet ein god ide, men i framlegget har ein vald bort alle vers som faktisk er

syndsvedkjenning. Når utvalet er Salme 51,8;12-14, hoppar ein over alle dei versa i Salme 51 som faktisk er syndserkjenning og bøn om tilgjeving, nemleg vers 3-6 og 9-11

- 3 Ver meg nådig, Gud, i din truskap,
stryk ut mine brot i di store miskunn!**
- 4 Gjer meg rein og fri for skuld,
og reinsa meg for mi synd!**
- 5 For mine brot kjenner eg,
mi synd står alltid for meg.**
- 6 Einast mot deg har eg synda,
det som er vondt i dine augo, har eg gjort.
Så får du rett når du talar,
og står der rein når du feller dom.**
- 9 Reinsa meg for synd med isop,
vaska meg, så eg vert kvitare enn snø!**
- 11 Løyn ditt åsyn for mine synder,
og stryk ut all mi skuld!**

Til pkt. 17: Her bør det vera sunge litani eller kyriesalme som ikkje konkurrerer med den leste bønna i pkt 18, det gjer eit eige kyrie i pkt. 5 til unødvendig dublett.

Til pkt. 18: Denne bønna fungerer godt. Den sameinar dei to perspektiva, påminning om at vi er dødelege og botsaspektet med bøn om å bli reist opp til eit nytt liv.

Til pkt. 19: Etter osketeikninga bør det vera eit tilseiingsord som klart peiker på Jesus og hans forsoning og frigjering frå synda og dødens makt som osketeikninga skal minna oss om. Når oska vert teikna som ein kross peiker krossforma på det som er grunnlaget for vårt håp, Kristus krossfest og oppstått for vår skuld. Dette bør reflekterast i liturgiens tekstar. Difor, når bønna før osketeikninga ber om at Gud reiser oss opp til eit nytt liv bør det i Staden for Esek 36,26 bør det vera eit ord om frelsa i Kristus som grunnlag for eit nytt liv t.d. Rom 6,4: **..liksom Kristus vart oppreist frå dei døde ved Faderens veldige kraft, skal vi òg leva eit nytt liv.** Eller Ef 2,8-10: **8 For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. 9 Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. 10 For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.**

Høyrings spørsmål 4. Har høyringsinstansen andre kommentarer?

Det vert i framlegget til liturgi fleire gonger visst til «rettleiing for oskeonsdag», men denne teksten er ikkje med i høyringa. Det er uheldig fordi ein då ikkje ser kva perspektiv ved oskeonsdag og fastegudstenester i vår lutherske tradisjon ein legg vekt på.

Slik liturgien no står utan rettleiingsdelen reiser det spørsmål. Det verkar og rart at ei gudsteneste som er innleiinga til fastetida som er førebuing til påsken ikkje ser fram over mot påsken og ikkje har nokon nytestamentlege tekstar som alternativ i liturgien. Det bør vera eit klart alternativ at ein kan følgja den norske fastegudstenestetradisjonen som går tilbake til Luther der fastetida handlar om Jesu kamp mot det vonde og ser fram mot påsken som den endelege kampen. Dette perspektivet er heilt borte i liturgien, men bør vera med i rettleiingsdelen sitt framlegg til innleiingsord om gudstenesta og om faste som kyrkjeårstid. Tekstrekene sine evangelietekstar har med Jesus ord om læresveinane sitt forhold til faste, men ikkje om Jesu kamp mot det vonde.

Bruk av oske er ei symbolsk handling som både symboliserer både anger og bot, og er en påminnelse om livets forgjengelighet. Denne liturgien synes berre å ta med det siste og manglar oske som botsteikn. Det er viktig at begge desse perspektiva er med og er tydelege og kjem fram i tekstlesingane.

Når tekstlesinga vert innleia med: «La oss høre kva Forkynneren skriver om livet» bør ein ta med heile teksten ikkje berre dei akseptable tinga. Kan ein ikkje det, bør ein ta ein annan tekst. Sjølv om det same vert gjort i gravferd, treng ein ikkje her ta slike omsyn som i gravferd.

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

KR - Avdeling for kirkefag og økumenikk,
Jan Christian Kielland

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO

Mottakarar:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO